



© Colourbox

## Gratis fagsamling «Kommunikasjon for helsearbeidrarar»

17. april 2020 | Auditoriet, Førde sentralsjukehus

Arr: Lærings- og mestringssenteret i Helse Førde



Tema: «Varm og effektiv – god kommunikasjon i ein travel kvar dag»

Ved barnelege Bård Fossli Jensen, Som sagt AS

Tid: 10.00 – 15.00

Påmelding: 3. april til [anne.ovrebo@helse-forde.no](mailto:anne.ovrebo@helse-forde.no) eller 57 83 98 70

### Program:

Lærings- og mestingssenteret arrangerer ein fagdag for alle med direkte pasientkontakt i 1. og 2. linjetenesta. Her vil du få ein gjennomgang av nyttige framgangsmåtar i møte med pasientar, brukarar og pårørande. Både vanlege og meir utfordrande menneskemøte. Eksempla er realistiske, og du får innsikt i kva du gjer bra og korleis du kan bli betre.

Det er når vi gir omsorgsfull og rett behandling at det er gjevande å vere helsearbeidar. Når du er både varm og effektiv kjem den gode kjensla av å vite at du er god i jobben din.

10.00-12.00	Varm og effektiv gjennom 4 gode vanar: Kva blir forventa av oss og kva er godt nok?
12.00-12.45	Lunsj
12.45-13.30	Tapt tillit: Korleis møte sinne, frustrasjon og urimelege krav. Når ressursane ikkje strekk til.
13.40-14.30	«First put on your own mask» - eigenomsorg i krevjande yrke.
14.30-15.00	Oppsummering og avslutning

### Om «Som sagt» og Bård Fossli Jensen. Til [«Som sagt AS»](#)



Bård Fossli Jensen er barnelege, med doktorgrad i medisinsk kommunikasjon. Han trenar helsepersonell med nokre års erfaring, og då i dei meir krevjande pasientmøta. Mellom anna har han utvikla Helsedirektoratet sitt kurs for leiarar «Når skaden er skjedd». Han har òg utvikla metodar for å møte frykt og sinne i naudsituasjonar. I sin praksis som barnelege i Oslo gir han hjelp til familiarar der barn er plaga av skulevegring, utmatting, kroniske smerter, uforklarlege lammingar, langvarig fråvær på skulen og andre samansette symptom og plager.